

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

ORGANISASJON

Etne Elektrisitetslag SA er eit samvirkeføretak der berre fysiske / juridiske personar som er sluttbrukarar av elektrisk energi, og som inngår avtale med føretaket om tilknytning til føretaket sitt kraftnett, kan vera medlemmer av føretaket. Sluttbrukarar som berre inngår avtale om nettilknytning for fritidshus, kan likevel ikkje vera medlemmer av føretaket.

Etablert i 1932, 86. driftsår.

Vårt forsyningsområde er gamle Etne Kommune og Kyrping.

Jord og skogbruk er hovudnæringa i bygda. Det er også ein del mindre industri.

VALNEMND

Valnemnda har i 2017 vore følgjande:
Tora Lilledal leiar.
Kjersti Skogen, og Leif Grindheim

STYRET

Styret har i 2017 vore samansett av følgjande medlemmer:

Wenche Irene Strand Drange	styreleiar
Sigbjørn Tjelmeland	nestleiar
Martin Fitje	
Lars Jørgen Stålesen	
Gunnvor Nervik	
Unni Matre	
Torstein Kristiansen	frå dei tilsette

EIGEDOM

Bygninger:

1 stk. administrasjonsbygg på Nyvoll.
2 stk. lagerbygg i Steinshagen.

Transformatorar:

1 stk. 60/22 kV 10.000 kVA i Litledalen,
126 stk. 22/0,230 kV

7 stk. 22/0,400 kV
1 stk. 22/0,690 kV
1 stk. 22/0,4/0,23 kV
1 stk. koblingsstasjon på Kambe
Totalt samla yting på 25050 kVA.

Anlegg 22 kV:

106 km

Anlegg opp til 1 kV:

215 km

DRIFT

Utførte nyanlegg.

Det er i år investert kr. 12.070.000,- i nye line-, kabelanlegg og nettstasjonar, målarar og breiband. Kr.9 995 000,- er investering i nettet, herav kr 5.527.930 er AMS (Avanserte Måler System), Kr. 1,563 000 var breiband og Transport, verktøy og inventar er kr. 512 000,-

Planar nyanlegg.

I budsjettet er det sett av ca. kr. 13.703 mill til AMS, ombygging og nye forsyningsanlegg. Det er satt av kr. 1,1 mill til utbygging av breiband.

MÅLING - AVREKNING

Haugaland Kraft A/S tar hand om kraftavrekninga mot Nordpool ASA og er ein del av avtalen med Statnett SF.

Vi har samarbeid med Haugaland Kraft A/S på innkjøp av kraft.

Me har nå 2012 anlegg tilknytt vårt nett.

NETTDRIFT

Elles har det vore ein oppgang for transporten i nettet i år frå 46,8 GWh til 47,19 GWh samanlikna med 2016. Høgast målt effekt var på 9643,8 kW.

Drift av nettet

KILE beløp for 2017 er på kr. 194.000,-

KRAFTMARKNAD

Vår standardtariff er kost områdeveid spotpris med eit påslag på 1,99 øre/kWh. Dei fleste industri- og næringskundane har kontrakt som går år for år. Hushaldnings- og landbrukskundane har kjøpt kraft til flytande marknadspris.

BREIBAND

Me har avtale med Haugaland Kraft om etablering og leveranse frå Altibox til EELs kundar. Me har kopla til ca. 900 stk. fiberkunder pr. 31.12.2017.

(DLE) DET LOKALE ELEKTRISITETSTILSYN

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) region Vest-Norge er vår rapporterings etat. DLE fungerer bra og kontrollane er i rute etter DSB sine krav. Tilsynet har vore utført etter prioriterte felles aktivitetar frå DSB i eit samarbeid med SØK, Fjelberg Kraftlag og EEL SA. Dette samarbeidet vart avvikla då SØK fusjonerte med HK pr. 01.09.2017. Det har vore utført tilsyn etter ein lokalt prioritert plan frå DLE. Ein plan som er godkjend av DSB region Vest-Norge.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK (HMT)

El.laget er medlem av bedriftshelsetenesta, Internasjonal SOS, som utfører helsekontroll av dei 12 tilsette.

Det blir gjort ein innsats for å fremja likestillinga i bedrifta vår.

Det har ikkje blitt rapportert skade på tilsette i 2017. Sjukefråveret var på rett under 2%.

YTRE MILJØ

Me prøver ved utføring av nyanlegg å bruke jordkabel der det ut frå kostnad er forsvarleg. Samt isolert leidning på linjene. Dette ut frå omsyn til miljø, strålefare og fuglar.

ØKONOMI

Krafthandelen gav i år eit overskot på kr. 1 383 mill

Nettdrifta

Inntektsramma for 2017 var på kr. 13.626.000,-
Meirinntekta i 2017 er på kr. 495 000,-

Rekneskap

Likviditeten er bra. EEL tok opp eit lån på kr. 10 mill grunna investeringar i nye målarar (AMS) og reinvestering av høgspenlinja frå Fitje til Nervik.

Overskotet for året 2017 er før skatt på kr. 3 494,- .

Eige arbeid som er aktivert som investeringar er på kr. 3.644 mill.

Skattekostnad er på kr. 0,971 mill

Netto overskot på kr. 2.522 mill

Rekneskapen er utarbeidd under føresetnad av at drifta skal halda fram.

**Styret sitt forslag til disponering av
overskotet:**

Overskotet vert lagt til eigenkapital.

Styret vil takka dei tilsette for god arbeidsinnsats i året som gjekk.

Etne 31.12.2017/
23.05.2018

Styret
Wenche Irene Strand Drange
Wenche Irene Strand Drange
styreleiar

Martin Fitje
Martin Fitje

Torstein Kristiansen
Torstein Kristiansen

Sigbjørn Tjelmeland
Sigbjørn Tjelmeland

Gunnvor Nervik
Gunnvor Nervik

Unni Matre
Unni Matre

LARS JØRGEN STÅLESEN
Lars Jørgen Stålesen

Einar Arefjord
Einar Arefjord
Dagleg leiar